



SOGN

EIT VEGKART TIL SOGN 2030

Me står framfor store utfordringar

- Eldrebølgen er her – i 2024 er me fleire eldre enn unge i Sogn
- Me konkurrerar mot andre kommunar, regionar, byar og land om folka og kompetansen - sentralisering
- Infrastruktur – er for mange ei stor utfordring
- Berekraft – nye krav og rammebetingelsar

PROSJEKTBESKRIVELSE

Bestillinga: *Sogn Kommunale oppgåvefellesskap* ynskjer ein felles profil for regionen. Fordi me må styrke regionens attraktivitet som bustad, studiestad, og næringslokasjon.

“Vi skal skape en **attraktiv region** å etablere seg i for studenter, gründere, fremtidige beboere og viksomheter”

Dette skal vi gjøre gjennom å:

- skape en felles strategisk plattform for regionen
- utvikle og iverksete hehetlige tiltak som skaper betydelig forbedring
- identifisere hva vi er substansielt gode på og synliggjøre dette
- senke terskelen for samarbeid mellom sentrale aktører i regionen





SOGN

2030

Kven bur her?

Kven har lyst å bu her?

Klara me å rekruttere dei folka me har bruk for?

Klara næringslivet å omstille seg til nye miljøkrav, teknologiar og rammebetingelsar?

Er me attraktive?

KVIFOR PROFIL OG MERKEVARE?

- Sunnfjord vinn vegbygging
- Hardanger vinn rassikring
- Kysten vinn


”

Me skal byggja identitet og merkevare i Sogn. Finna ut kva som kjenneteiknar oss og bruka det som premiss for å lukkast.

Tor-Einar Holvik Skinlo

- Kva skal Sogn vinne?

Samarbeids- modellen




Samarbeids - prinsipp:

- Me Løftar i lag
- Me tenkjer heilskapeleg
- Me framsnakkar

Et helhetlig prosjekt i 4 faser

© 2024





“VI SIT PÅ KVART VÅRT NES OG ER KANNIBALAR”

Dei største utfordringane for Sogn?

Rekruttering, tilgang på folk, brain drain: Tilgang på rett kompetanse, nok folk og halde på folka er den største utfordringa.

Mangel på samhald: Det er ei kjensle av fragmentering og konkurranse, framfor samarbeid, spesielt blant dei mindre kommunane.

Demografiske endringar: Som mange andre regionar i Noreg, slit Sogn med ei aldrande befolkning og utfordringar knytt til ungdomsutflytting

Økonomisk divergens: Medan nokre område, som Sogndal, opplever vekst, står andre delar av regionen overfor stagnasjon eller tilbakegang, noko som krev fokus på balansert regional utvikling.

VISS ME IKKJE
KLARAR Å
SAMARBEIDE ER
ME DØANDE SOM
KOMMUNAR”

Kva er viktig for organisasjonen din?

Felles visjon og strategi: Det er kritisk at heile regionen samlar seg om ein felles utviklingsstrategi som adresserer både økonomiske og sosiale utfordringar.

Samhandling og fellesskap: Ønske om betre samarbeid og fellesskap gjennom definering av felles mål og identitet.

Innovasjon og næringsutvikling: Behov for å stimulere til innovasjon og nye næringar som kan dra nytte av dei unike ressursane i regionen

Dei unge må med: Å tiltrekkje og behalde ungdommen i regionen er essensielt for å sikre ei berekraftig framtid

**“VI MÅ JOBBE MED HALDNINGANE VÅRE.
TØRRE Å FRAMSNAPPE KVARANDRE OG TENKJE HEILSKAPLEG”**

Kva er unikt med Sogn?

Unik natur og klima, geografisk og klimatisk variasjon:

Sogn er unikt med innlandsklimaet sitt, som varierer mykje frå kystklimaet som er vanleg på Vestlandet. Dette skaper ein variert natur og moglegheiter for spesialisert landbruk og turisme.

Sentralt mellom Oslo og Bergen:

Kort reiseavstand til både Oslo og Bergen, noko som gir strategiske samband aust-vest og er viktig mtp. transport og økonomisk utvikling.

Kulturellt mangfald

Historisk sett har Sogn ei blanding av industrielle og jordbruksbaserte samfunn, noko som har ført til ei rik kulturell historie.

**“VI LIGG ALLE LANGS DEN
LENGSTE GRØNE MOTORVEGEN I VERDA”**

Ord som beskriv Sogns identitet

UNGDOMSENGASJEMENT
TETTE FJORD FJELL
SAMFUNN UNIK
FRILUFTSLIV
REINT KJENT
MERKEVARE NATUR
INNOVASJON

Dei største styrkane?

Eit regionssenter i vekst

Sogndal fungerer som eit vitalt regionssenter som fremjar økonomisk og sosial utvikling i heile regionen, noko som styrker både utdanning, næringsliv og kultur. .

Naturressursar og turisme: Fjordar og fjell gir unike moglegheiter for både turisme, friluftsliv og næring, som igjen tiltrekkjer besøkjande frå inn- og utland og fremjar lokal næringsutvikling.

Variert og næringsliv: Kombinasjonen av offentleg og privat sektor. Her finn du alt frå industri, landbruk, reiseliv og utdanning

**“NATUREN ER IKKJE BERRE FRILUFT,
MEN OGSÅ ENERGI, TEKNOLOGI, SAMFERDSEL,
& TRIVSEL. RETT OG SLETT BEREKRAFT”**

Korleis ein i Sogn kan forbetre samarbeidet?

- Tverrsektorielle plattformer
- Innovative partnerskap
- Åpne dialogar
- Inkludering av lokalbefolkninga
- Styrke lokale initiativ

**“NÆRINGSSAMARBEID
ER NØKKELEN”**



Intervjua peikar på fem hovudfunn

- 1. Aldrande befolkning og ungdomsutflytting truar arbeidsstyrken:** Sogn opplever ei utfordring med demografisk ubalanse som svekkjer lokale samfunn og arbeidsmarknaden.
- 2. Manglande økonomisk diversifisering avgrensar vekstmoglegheiter:** Regionen treng fleire næringsvegar utover industri, tradisjonelt landbruk og turisme for å sikre økonomisk stabilitet og vekst.
- 3. Fragmentert og manglande samarbeid hindrar utvikling:** Svak samhandling mellom kommunar og sektorar forhindrar Sogn i å utnytte regionale styrkar og ressursar effektivt.
- 4. Utilstrekkeleg infrastruktur reduserer tilgjengelegheit og attraktivitet:** Avgrensingar i infrastruktur og tilgjengelegheit står i vegen for utvikling og gjer regionen mindre attraktiv for turisme og næringsliv.
- 5. Mangel på ungdomsengasjement og moderne tilbod forsterkar utflytting:** Sogn slit med å engasjere ungdom og tilby relevante utdannings- og karrieremoglegheiter, noko som fører til at yngre generasjonar søker seg bort frå regionen.

Kva skaper bygder med suksess?

**“GOD STADSIDENTITET OG
SJØLVKJENSLE ER VIKTIG FOR Å
SKAPE VEKST OG AKTIVITET EIN STAD”**

**“SUKSESSRIKE BYGDER ER DEI SOM GREIER Å TREKKE TIL
SEG KREATIVE MENNESKJER, DET ER STADER SOM ER OPNE
OG TOLERANTE, OG SOM GJEV RAUSE HANDLINGSROM FOR
UTVIKLING GJENNOM Å TILBY MANGE ULIKE LEVEMÅTER”**

**KVA SEIER
UNGDOMMEN?**





NATTMATTILBOD,

BLI MED Å SETT KURSEN

ONSDAG 12. JUNI

